



# MATKLOKKA

ANDREAS ROPEID

1985

Denne artikkelen om matklokka er skrevet av Andreas Ropeid, daglig leder av Norsk Etnologisk Gransking. Vi sender den til venner og medarbeidere julen 1985, med ønsker om gledelig jul og godt nytt år.

Andreas Ropeid går av med pensjon fra nyttår og ønsker derfor å sende en personlig hilsen med takk for godt samarbeid gjennom mange år.

*Anne Swang*  
Anne Swang

*Andreas Ropeid*  
Andreas Ropeid

Forord.

Andreas Ropeid er født 29. desember 1916 i Stavanger. Han tok artium ved Rogaland Landsgymnas i 1938 og arbeidet som "skulemeister" på Sand i Ryfylke fra 1941-1943. I 1943 ble han sammen med andre studenter i Oslo tatt til fange og sendt i tysk fangenskap, hvor han satt til 1945.

I 1948 tok han embetseksamen med historie hovedfag og norsk og tysk bifag.

Et av de første oppdrag han påtok seg etter avlagt embetseksamen var å skrive Hønefoss bys historie. Dette er et verk i 3 tykke bind, og arbeidet strakte seg over mange år. Det første bindet kom til byjubileet i 1952. De to neste utkom i 1965 og 1968.

I 1953 begynte Andreas Ropeid sitt arbeid ved Norsk Etnologisk Gransking. Ved NEG kom han i nært samarbeid med to forskere som han stadig har berømmet: Hilmar Stigum og Lily Weiser Aall. I 1970 ble han ansatt som daglig leder, og frem til 1979, da Anne Swang ble ansatt som konservator, drev han i praksis NEG alene sammen med kontorassistent.

I desember 1960 disputerte Andreas Ropeid til den filosofiske doktorgrad med avhandlingen: Skav. Ein studie i eldre tids fôr-problem. Undersøkelsen er bygget på et materiale som kom inn til NEG som svar på en spørreliste utarbeidet av Rigmor Frimannslund. Avhandlingen tar for seg bruken av bark som krøtterfôr. På grunnlag av svarmaterialet og trykte kilder av ulike slag gir Ropeid en utførlig analyse av den gamle fôringsmåten, de skikker og troer som er knyttet til den, og den respekt og tiltro folk hadde til bark som fôremnne.

I forbindelse med disputasen hadde Ropeid selv valgt å forelese over emnet "Norsk lekmannsrørsle - ei granskings-

oppgave. Dette var begynnelsen til det som senere har vært en hovedinteresse: Lekmannsbevegelse og bedehus.

I 1960-årene utarbeidet han flere spørrelistebøker om emnet (88, 89, 90, 98, 99), og i ti-året etter foretok han et omfattende feltarbeid i Rogaland. Han reiste i mange år og målte opp hvert eneste bedehus, utarbeidet bygningsbeskrivelser og gjennomgikk styreprotokoller. Materialet er etter hvert blitt meget omfattende. Han har veiledet magistergradsstudenter i emnet, forelest for studenter på alle trinn, og han har raust delt sitt materiale og sin innsikt med forskere fra ulike fagområder. Når han nå skal bli pensjonist, har han fått såkalt seniorstipendium fra Norges allmennvitenskapelige forskningsråd, slik at han endelig selv kan få anledning til å fordype seg i stoffet. Kultur- og vitenskapsdepartementet har også bevilget en slumpenger til utdypende feltarbeid og innsamling i forbindelse med dette forskningsarbeidet.

Det er enda et emne som er blitt et spesialområde for Ropeid: Mat. Det begynte med at han, som medlem av redaksjonen i serien "Norsk Kulturarv", ble bedt om å skrive kapitlet om gjestebodskosten i boka "Gilde og Gjestebod", red.: H. Landsverk.

I 1970 ble han så invitert til å delta i en internasjonal kongress i Lund, der matforskere fra hele verden møttes, og senere har han vært en "selvskreven" deltaker i samtlige kongresser der emnet har vært etnologisk matforskning. Neste internasjonale matkongress vil finne sted i Norge i 1987.

Vi unner oss i denne sammenhengen å glede leserne med følgende - sanne - historie:

Et år reiste Ropeid til Wales på matkongress. Han kom vel frem til angitt sted, men hotellet så nokså tomt ut, og

han skjønte ikke hvor i allverden kollegene holdt til? Etter hvert gikk det opp for ham at noe var galt. - Og det gale var året. Han var på dagen et år for tidlig ute.

Da vi i fjor hadde besøk av en waliser her ved NEG, fremgikk det at i universitetsmiljøet der borte gikk det sagn om en underlig nordmann som kom til møtet et år for tidlig! "Er det virkelig han?" sa vår gjest! Vi har hatt mye moro av dette. Ikke minst Ropeid selv. Han har en utrolig evne til å glede seg over det meste.

Som den folkelivsgransker Ropeid er, nyttet han imidlertid tiden godt i Wales: Han gikk på pinsevenn-møte og på fotballkamp og studerte folkelivet der, - han har jo også utarbeidet en spørreliste med tittelen "Gamle idrettsleikar for vaksne og ungdomar."

Andreas Ropeid ble i 1978 utnevnt til professor II i etnologi, - et personlig professorat som knyttet ham nærmere til det universitetsinstitutt som NEG i det daglige deler lokaler med siden 1974: Institutt for etnologi. Han ble valgt til instituttbestyrer for Institutt for etnologi i to perioder, og siden han samtidig var daglig leder for NEG, fikk han øyeblikkelig av sine kolleger og studenter det spøkefulle tilnavnet "Høvdingen". Tilnavnet ble fulgt av en gave, - et sett fargerike indianerhøvding-fjær, som ble satt opp utenfor kontoret hans. Og "Høvdingen" er han siden blitt hetende!

Andreas Ropeid har hatt mange verv. Vi nevner noen: Han var i 7 år formann i Foreningen av vitenskapelige tjenestemenn ved muséene (VTM). I 6 år var han sekretær i Landslaget for bygde- og byhistorie, og fra 1951 medlem av arbeidsutvalget i Privatarkivkommisjonen, den som senere ble Norsk privatarkivinstitutt. Han var knyttet til dette arbeidet i mer enn tretti år, den siste tiden som formann. Han har også vært formann i "Selskap for norsk Kulturgran-

sking" - foreningen som etnologistudentene kaller "den mosegrodde".

Som daglig leder for NEG har Andreas Ropeid utarbeidet spørrelister, foretatt feltarbeidsreiser, ivaretatt kontakt med gamle og nye medarbeidere, holdt foredrag og veiledet forskere og studenter i bruk av spørreliste-materiale.

Som den beskjedne mann han er, har han nok ikke forstått hvor mye han vil bli savnet av sine kolleger på Bygdøynes når han nå skal gå av. Men vi unner ham vel å få anledning til å konsentrere seg fullt ut om sitt forskningsarbeid.

Vi som ennu har noen år frem til pensjonen, vil sette oss som mål å bevare det stempel av kvalitet og den respekt for kildene som har kjennetegnet Norsk Etnologisk Granskning under Andreas Ropeids ledelse.

Oslo, desember 1985

Anne Swang

## MATKLOKKA

I juli 1971 sende Norsk Etnologisk Gransking ut spørjeliste nr. 118. Ho hadde tittelen Matklokka. Det var førstearkivar Oddvar Grønli ved Norsk Historisk Kjeldeskrift-Institutt som tok initiativet til at lista vart skriven. Han var interessert i matklokke-rim og spurde om NEG kunne hjelpe han med å samle slike rim. Det ville vi gjerne, men vi utvida slik at klokka vart emnet.

Då eg skulle skrive lista, kom eg i vanskar. Eg er rogalending, og der finnst det ingen matklokker. Eg hadde alt så inga røynsle å halde meg til. Eg fann heller ikkje litteratur som eg kunne gå til. Då skreiv eg til "Nationen" og Norsk Bondeblad og bad lesarane fortelle meg om matkloka slik dei kjende henne. Nokre av dei gjorde det, og dei gav meg den kunnskapen eg trong for å skrive ei brukande spørjeliste.

I løpet av året fekk vi inn 109 svar frå heile landet, bortsett frå dei to nordlegaste fylka Troms og Finnmark. Materialet er altså ikkje stort, men ein analyse viser at det gir god informasjon om dei forhold som eit spørjeliste-materiale kan gi kunnskap om. Matklokka var og er eit fenomen som alle kunne sjå og høyre, og bruken var nærmest offentleg. Alle kunne altså observere henne og ha kunnskap om henne, og spørjelista er velskikka for å samle inn kunnskap om slike forhold og fenomen.

Nå er tida komen til å fortelle at matklokka er ei klokke som større gardar her i landet brukte når dei skulle kalle arbeidsfolket inn til måls. Nemninga på klokka skifter, og eg tolkar materialet slik at nemningsbruken ikkje har vore særleg fast. I svara er brukt sju ulike nemningar. Ordet matklokke er oftast brukt, men eg lit ikkje heilt på den informasjonen. Vi har nemleg røynsle for at nemninga

som er brukt i spørjelista, vil så sterkt igjennom i svara dersom nemningsbruken er ustø. Mykje brukt er også nemnigane stabbursklokke og gårdsklokke, medan ordet buklokke er brukt ein gong. Ordet vellingklokke synest å stå sterkt på Sør-Austlandet, medan grautklokke er vanleg i nedre Telemark. I svara frå Trøndelag er det ordet suppeklokke som rår grunnen. Eg har elles ein mistanke om at dei i daglegtalen ofte brukte nemninga klokke saman med gardsnamnet. I fortellinga om Sølve Solfeng brukar Hans Aanrud ordlaga "klokken på Bø" og "klokken nede på Skagamo", og han skriv også "Klokken begynte å ringe på - Kjelle".

Dette har truleg vore vanleg ordbruk.

Matklokka vart ikkje brukt over heile landet. I materialet er det ei lang rekke med klårt positive svar, og dei er alle komne frå bygder i Aust-Norge, Trøndelag og Nordmøre. Det er også ei rekke klårt negative svar. Dei har vi fått frå bygder på Agder, på Vestlandet til og med Romsdal og så Nordland. Materialet er ikkje så tett at vi kan teikne klåre grenser for utbreiinga. På overgangen mellom Aust-Norge og Agder/Vestlandet er det nokre område som i så måte er uklåre. I ytre og nedre Telemark har dei hatt klokker, men ikkje i Øvre Telemark. Det same er tilfelle i Buskerud - dei øvre bygdene der har ikkje matklokker. Men i Gudbrandsdal og Østerdalane går matklokka like til fjells.

Men lat oss sjå nærmare på dette som her er kalla positivt og negativt. Positivt tyder ikkje at det var klokke på kvar gard. Alle svar som kjem inn på desse forhold, er samde om at matklokke var det bare på dei større gardane, men ikkje på alle dei større heller. Ein informant frå Ås i Akerhus fortel at i "Holstadkretsen er det matklokke på Holstad, Askim, Kjølstad og Pukstad, men ikke på Haugerud, Skjølstad, Hol og Østensjø". I denne gardkrinsen med åtte store gardar er det altså klokker på fire. Dersom eininga er eit heilt herad, vert tilhøva meir ulike



Stabbursklokke-tårnet på Kjuus i Nes på Romerike skal få stå som representant for klokketårna i dei aust-norske flatbygdene. Foto: Ingrid Lowzow.

og relasjonen mellom gardar med og utan matklokke dermed ein anna. Ei liste ser slik ut:

Østfold fylke

Spydeberg	31	klokker på 131	gardar	24.0%
-----------	----	----------------	--------	-------

Akershus fylke

Bærum	19	"	"	118	"	16.1%
Kråkstad	17	"	"	70	"	24.3%

Oppland fylke

Vestre Gausdal	25	"	"	118	"	12.7%
Øyer	43	"	"	153	"	28.0%
Venabygd i Ringebu	6	"	"	19	"	31.6%

Møre og Romsdal fylke

Straumsnes	10	"	"	36	"	36.0%
------------	----	---	---	----	---	-------

Sør-Trøndelag fylke

Soknedal	9	"	"	93	"	9.6%
Støren	13	"	"	71	"	18.3%

Nord-Trøndelag fylke

Skogn	21	"	"	99	"	21.2%
-------	----	---	---	----	---	-------

Det området som desse døma er henta frå, reknar eg for å vere eit område der matklokka var vanleg. Ingen undra seg over at ein nokolunde stor gard hadde matklokke. Det området som har gitt oss negative svar, ligg vest- og nordpå. Men matklokka er ikkje heilt ukjend der. Frå fleire bygder vert det fortalt at det er eller har vore matklokke på ein eller eit par gardar. I dei aller fleste tilfelle er det då gardar som det er (var) noko særskilt med, som skilde seg ut på ein eller annan måte.

Landbrukskule er nemnd i eit par tilfelle. Frå kysten er det fortalt at det var matklokke på nokre få større gardar der dei også dreiv fisketilverking og handel; dei had-


de altså mange arbeidsoppgåver og mykje arbeidsfolk spreidd over eit stort område. I slike tilfelle ligg det funksjonelle ved matklokka klårt i dagen - vi ser at ho var til nytte. Men vi har også informasjonar av eit anna slag. Frå Borgund ved Ålesund vert det fortalt: "Eit par gardar har hatt matklokker, men no er dei ikkje i bruk lenger. Det var stormannsgardar med innflytta folk." Det vert også fortalt at Sønstegard, i Tinn i Telemark fekk matklokke i 1910 eller 1911. "Lærer Helge Busnes forteller at han husker at de fikk matklokke i Sønstegard. Han husker folk sa: No blir det stas på Sønstegard. Dei har fått matklokke slik som storgardane på Austlandet."

Desse siste opplysningane fortel at det var prestisje knytta til matklokka - ho markerte eit sosialt skilje. Frå det området der matklokka var vanleg og velkjend og til nytte, har vi ingen informasjon om at ho hadde prestisje så lenge ho var i vanleg bruk. Men det er fleire informasjonar om at ho fekk prestisje då ho var i ferd med å miste funksjonen sin og ikkje lenger gjorde nytte for seg.

#### Forma

Dei aller fleste klokkene hang i eit lite tårn eller oppbygg som var plassert enten på stabburstaket eller på låvetaket. Det må ha vore eit krav at ho skulle henge fritt slik at lyden kunne nå langt, og det vert i eit par tilfelte sagt at det ikkje skulle vere for langt å gå for kokka eller den av kjøkkenpersonalet som skulle ringe. Oftast stod ho på stabburstrappa og ringte inn til mat.

I mange bygder er det vesle oppbygget eller tårnet som klokka heng i, eit karakteristisk trekk i kulturlandskapet. Mest karakteristisk er det øvst i Gudbrandsdal og Ottdalen. Der er det løkforma og tett med spon. På flatbygdene er tårnet enklare i konstruksjonen, men mange av dei er små kunstverk - sveitserstilens miniatyrer.



Matklokketårnet på Kongsli i Nord-Fron, fotografert av H.H. Lie  
i 1896. (De Sandvigske Samlinger, HHL 149)

Dersom du skal kunne svare på spørsmål om korleis klokka ser ut, må du kome nær så du får tatt mål og kan lese innskrifter. Men matklokka heng altså høgt og utilgjengelig, og vi ved NEG kan ikkje be medarbeidarane våre fare langs høgaste stabbursmønet for å skaffe oss fullstendige opplysningar om forma på matklokkene i bygda. Spørjelista er ikkje beste arbeidsreiskapen for slikt. Men vi har hatt nytte av eit par registreringsaksjonar etter lokalt initiativ - ein i Øyer og ein på Hadeland. Då var det speidrarar og annan ungdom som kleiv opp og tok mål. Dei opplysingane om form som det elles er i materialet, gjeld oftast klokker som har vore nede i samband med ombygging e.l., eller som er tatt ned og heng til stas i stova. Derfor er materialet i så måte noko tilfeldig.

Vi bad om å få eit mål på klokkene - høgda og diameteren i åpninga - og vi har fått slike mål på 81 klokker. Gjennomsnittshøgda er 28.4 cm og diameteren 33.9 cm. Det er små variasjonar, og klokkene er altså jamnstore.

Klokkene er enten laga av jernmalm eller messing, men opplysningane om dette er så upresise at det er lite vunne ved å systematisere dei. Det er også ein vide utbreidd og tildels konkret tradisjon om at det vart blanda sølv i støypen, men denne tradisjonen er generell og såleis ikkje bare knytt til matklokka.

I ganske mange tilfelle får vi vite namnet på han som laga klokka. Skierbak på Elverum, Holte på Toten, Forseth på Singsås, Schmidt i Oslo, Riise i Trøndelag og Olsen Nauen i Sem er dei innanlandske klokkestøypar-namna som oftast er nemnde. Schmidt og Riise er dei eldste (1810 og eldre) Holte og Olsen Nauen dei yngste. Det er også nemnt eit par klokker frå Göthe i Falun i Sverige, og uventa mange klokker er komne frå eit støyperi i Seneca Falls i staten New York.

Det er heilt tydeleg at fleire av matklokkene i det aust-norske området er laga på bestilling som matklokker, og truleg har nokre av dei mest kjente støyparane laga mat-klokker for marknad. I det vestnorske og nordlandske materialet er det ingen opplysningar om opphavsmann; alle dei klokkene som vi kjenner frå dette området, har hatt ein annan funksjon før dei vart matklokker. Dei fleste har vore skipsklokker, men det er også eit par verksklokker. Skipsklokker er det i det austnorske materialet også, og både frå aust og vest er det meir eller mindre påliteleg tradisjon om at visse matklokker har vore kyrkjeklokker. Og både frå Vestlandet og nordpå er det sikre døme på at matklokka i nyare tid er blitt kyrkjeklokke.

I spørjelista bad vi om å få opplysningar om korleis mat-klokka var komen til gards. Svara viser at mange av dei nåverande eigarar veit lite og ingenting om dette, så det er få presise og konkrete opplysningar vi har fått. Men desse gjer det klårt at ei eller anna form for kjøp har vore det vanlege. "På min hjemgård blev det bygt nytt stabur i 1920 og jeg husker far og mor var i Oslo eller Kristiania som det dengang het og kjøpte ny klokke og byg-de pent klokketårn og det var en pryd for gården" (Vestby). "Da min svigerfar kjøpte gården i 1870 og han fikk en søn i 1879 kjøpte han ny matklokke og satte sønnens navn på "Frithjof Fossum" og den klokken er her i dag." (Nes, Hed-mark).

Vi har også informasjon om at matklokka vart gitt som gåve. På matklokka på Hvam landbrukskole på Romerike står det: "Til Brudeparet Holthe fra Familien Sæther i Sør-Odal" (22258). Klokka på Dalin østre i Stange har inskripsjonen "Nr. 61. Støpt av Ove Skierbak i Elverum år 1846. Lens-mann N. Ringnes med hengivenhet fra hans myndlinger B. og C. Dorff". Og frå Bærum vert fortalt: på Dalbo "var det en klokke fra 1876, men da foregående eier fyllte 60 år, antakelig omkring 1940, fikk han av sine søsken en ny

klokke med innskripsjonen "Gud signe maten" og navnet Erik Østbye".

#### Bruken

Det er på dette området at materialet har mest å gi. Det fortel om korleis klokka vart brukt, og vi får mange detaljar som gir oss eit godt bilet av den førestillingsverd som klokka var og er ein del av. Materialet har også ein geografisk breidde som bare spørjelista kan gi.

Det gjeld for heile landet at klokka vart brukt "fra tidlig vår til sein høst, så lenge det var onnearbeid". Dette er vanleg tidsavgrensing, og det vert sagt at det var "litt av et vårttegn" når matklokka tok til å ringe om våren. Bare eitt svar gir ein fast dato: Matklokka skulle ringe frå 14. april til 14. oktober (Ø. Toten). Og klokka skulle ringe bare på arbeidsdagar.

Når det gjeld døgnrytmen, varierer informasjonane litt. Vi skal ta ein som er sentral og sjå variasjonane i høve til den. Han gjeld for Holstad, ein stor gard i Ås I, og lyder slik: "Klokka ble brukt for å kalle arbeidsfolket inn til måltid. Arbeidet begynte kl. 6, men det ble ikke ringt ut. Det ble ringt inn til frokost kl. 8, men ikke ut. Det ble også ringt inn til middag kl. 11.30. Etter middagshvilen ble det ringt ut kl. 13 - 13.30, for da sov folka middag. Til "eftasvæl" kl. 16.00 ble det ringt inn men ikke ut, og det ble ringt når arbeidet var slutt kl. 19.00."

Her vart det altså bare ringt inn bortsett frå etter middag. Men dette varierer; sume informantar fortel at det også vart ringt til vekking kl. 6. I så måte var det rom for variasjonar i detaljen, men systemet var fast. Og innhaldet i dette systemet blir underbyggt med ei lang rad små individuelle opplysningar, som fortel om spesielle si-

tuasjonar eller hendingar. Vi skal nemne ein slik:

Frå garden Ødegard i Straumsnes på Nordmøre blir det fortalt: "Det var vanleg at budeia skulle ringe for å vakkje når ho gjekk til sommarfjøset kl. 6. Ei som var budeie der i 1903, ho heiter Randi og er 88 år, fortalte meg at ein morgen hadde innegjenta somna til att, og husband Ola Ødegard, som òg var lærar i bygda, venta forgjeves på å få kokt egget sitt til frukost. Han skreiv da på egget som låg der: "Nu har jeg ventet og nu har jeg stundet, men ingen er kommet, så hårdt har de blundet. Og Randi må være forferdelig snill, når alle får sove så lenge de vil"."

Bak alle informasjonane om matklokka ser vi gardsfolket som eit arbeidskollektiv. Tradisjonen hadde gitt arbeidet ein takt og ein rytme som dei visste var rasjonell, og matklokka markerte den. Ho markerte øktene og delte inn arbeidsdagen. Til faste tilvante tider kalla ho inn til mat og litt kvile både for arbeidsfolk og arbeidshest. I materialet er det mange opplysningar om at hestane reagerte på matklokka, og NB. bare på si eiga klokke. Det hende at dei stogga mitt i plogfôra. I boka "Det var da, det, og itte nå" fortel Alf Prøysen at det var litt annleis med menneska. "Når klokka ringte tel kvelds, var det stor skam å rette ryggen før klokka hadde ringt ifrå seg, og hadde potetplogen kjørt opp ei ny får måtte vi plukke ferdig den før vi var ferdig for dagen".

Materialet viser at matklokka var ein del av gardens ansikt, for det var ikkje bare gardens folk som høyрde henne. Vi har spurt etter kor langt dei kunne høyre klokka. Svara varierer; det kjem an på terreng og vær og klokke. Nokre klokker har ein høg, skarp klang som ber godt, andre er meir stillfarande av seg. Men det vanlege var at dei kunne høyre mange klokker.

Etter ein av medarbeidarane våre for Tynset har vi latt teikne eit diagram over korleis matklokkegardane i Tynsetbygda låg i høve til kvarandre.



Klokkediagram. Riss av Ivar A. Streitlien i svar nr. 22423. Reinteikna av Ingrid Lowzow.

Medarbeidaren fortel at Røsten kunne høyre klokka på Ålborg og på Sandbakken, men ikkje på Storeng. Og det budde mykje folk innimellom desse tre matklokkegardane; dei høyrde klokka og hadde sine kommentarar dersom ringinga ikkje var i orden. Frå Østre Toten vert det fortalt: "Det var klokker på alle de store gårder her i bygda, og det er forunderlig å minnes hvordan de klang og hvordan de i år etter år ringte i samme rekkefølge. Først begynte klokka på Stabu-spinkel og tynn i målet men kunne høres langt. Så hugg klokka på Sukkestad inn. Den var opphengt forskjellig ifra de andre; klokkeaklen var buet så den kunne ringes hurtigere. Deretter kom klokka her på gården (Enge), lys og klar i stemmen og kunne høres langt. Noen minutter etterpå kom klokka på Sjøll med sine tunge malmtoner. Dette var en gammel kirkeklokke som kunne høres over hele bygda. Tilslutt kom Kise med sine iltre kvasse slag."

Dei som ikkje hadde klokke, retta seg etter klokka på ein av grannegardane. I grannelaget Tønsaker, Sauholt, Elstad

og Røykholt i Eidsvoll retta dei seg etter klokka på Tønsaker. Dei som høyrd fleire klokker, kjende klangen på alle klokken og kunne fylgje tida etter som kvar av dei kom. Men dei "gikk etter" same klokka (Nes, He.).

Ikkje bare klangen, men også ringinga var ein del av gardens ansikt. Derfor var det ansvar med oppgåva. Oftast var det husmora som ringte, men var det stor gard med stor tenarflokk, var det kokka som hadde den oppgåva. Og dei slapp nødig kven som helst borti klokketauet, for det skulle ringjast rett. Og det tok si tid å lære det. Du skulle ta til klart og bestemt, gå rett inn i rytmen og vere der bortimot eit minutt og så slutte av utan nokon ukontrollert etterklunk. Det ser ut for å ha vore vanskelegast å lære å få klokka til å stoppe momentant slik at ein slapp desse etterklunkane. Over heile Austlandet var det vanleg seiemåte at den som ringte, skulle få ein lausunge for kvar etterklunk. Og om dei klarte å bli kvitt etterklunken, så kunne det ta lang tid før dei lærte å ringe med stil. Og mange var nøye med det. Karen Margrethe Eriksdatter, f. 1842 og død 1927, var kone på Røsten, gr.nr. 30, br.nr. 1 i Tynset, øvst oppe i Østerdalnen. Ho "var svært nøye med ringinga. Da ho vart så gamal at ho ikkje orka å ringe", overtok dattera Marit, f. 1874, død 1953, som var ungekona på garden. "Gamla ringte omlag 3 minutt. Ho hadde eit eige lag med ringinga, så ein høyrd med ein gong når ho ringde inn til mat." Det same var tilfelle med Marit. Ho "brukte alltid tre klunk tilslutt. Den første klunken var lengst, så kom den andre noko stuttare, og endeleg ein sers kort ein til slutt, som eit punktum."

Kona på Aaen i Tynset, gr.nr. 70, br.nr. 11, heitte Mali Pedersdatter, var fødd 1828 og døydde 1910. Ho "ville ikkje lære frå seg ringekonsta, så der vart det slutt med ringinga da ho ikkje orka meire. Ho og mannen hadde ikkje barn til å overta garden som gjekk over til framande i 1884, så dette kan vera ein årsak til at ho ikkje lærde andre å

ringe. Ho ringde sjøl etter ho vart kårkone, så lenge ho greidde det." (NEG 22423) Ennå i dag går altså ordet om gardkjerringar som var flinke til å ringe. "Dei beste i Soknedal var kjerringa på Hustøft, Søgarden på Hov og på Nyhus."

Materialet viser at klokkene etter kvart fekk ein slags identitet og individualitet. Det er iallfall vitnefast at dei hadde munn og mæle og kunne tale. Alf Prøysen påstår at matklokka "sang når hu ringte, gamle rim som hadde dåna utover jordom i ælle år og som passe tel gar'n. - Et en bæta mens du gjør en bæta, et og bit og tygg og skunn deg". Hans Aanrud er samd med Prøysen i at matklokketalen eller matklokkerimet har tatt form etter situasjonen på garden og derfor kan brukast som karakteristikk. "De har alltid vært så svære til å jage på i utrengsmål på Skagamo, og derfor har den lært sig til å tutre og småskjenne og si:

"Gjerr en bet-ta,  
Med du et en bet-ta,  
Et og bit og tygg  
Og - skund deg".

Klokka på Bø klang "tungt og langsomt og dypt" og sa:

"Sur suppe og salt sild  
Et fort og ti still."

Men klokka på Kjelle sa: Smør og kaku, smør og kaku, og Sølve Solfeng som nett hadde nådd alderen då han måtte ut i teneste, vart samd med seg sjølv om at han ville freiste på Kjelle.

Desse rima talar om den levemåten som klokka ringer inn til, og det gjer også mange rim i vårt materiale. Klokka på Berger i Spydeberg var av messing og sa: "Nils pils påså - komm inn nå, komm inn nå. Sild og velling ske du få, ske du få". Ein informant frå Sør-Odal fortel: "Buklokka på

mitt fødested - hadde en høy tone og sang virkelig: Sild og velling - ".

Det verkar naturleg at matklokka vart flink til å tale om mat og at denne talen fekk eit kritisk innhald. Det var tenarar og arbeidsfolk på åker og annan arbeidsplass som sette ord til klokkeklangen, og rima reflekterer såleis ein sosial situasjon. Den var reell nok. Likevel vil eg åtvare mot å tolke desse rima sosialt konkret. Det var ikkje bare arbeidsfolket på storgarden med stor sosial skilnad som høyrde kva klokka sa. Også dei mindre gardane imellom var med på å formulere rimtradisjonen og å halde han ved like. Dessutan vil eg peike på at det var klokker med høg klang som song om sild og velling. Klokka på Mørk i Spydeberg "sa bare: komm-komm-komm. Det var ei tung malmklokke med enkeltslag". Og frå Sør-Odal vert det fortalt: "Naboens klokke var dyster. Den sa: "Lunde er dau. Lunde var eier av gården for mange år siden".

Her har vi tatt fram ei rad forhold og situasjonar der matklokka var aktuell og aktiv. Dersom vi freistar å samla alt dette til eitt biletet, då kjem det inn over oss eit lydmiljø der klokka var sentral. Klokka lydde når økta og dagen var slutt. Men alle gardar hadde ikkje same døgnrytme.

Prøysen fortel at det "var ikke ofte at to garder hadde såmå klokkeslettet; nei fysst var det den klokka som gikk i sáinn tid, det var den fine og fastsætte tia som var likt over æilt. Men så var det klokka i bygden som vi sa. Den gikk en time fortære enn sáinn tid, og den var nok den vanligste. Men så kunne det vara garder der klokka gikk en hælvtime fortære enn sáinn tid, og garder der klokka gikk et korter seinere enn klokka i bygden. Så hele den siste timen vi dreiv på åkrom var det ikke lengi imilla hår gong ei klokke begynte å ringe rundt omkring i bygden. Det begynte med Leinklokken. Den ringte en hel time før de andre. Så kom det andre klokker når det hadde gått et korter, en hælv-

time, tre korter, og telslutt var det gjerne en tre-fire klokker som ringte samstundes. Det var den vanlige klokka etter bygden, og den gikk som sagt en time fortære enn så inn tid". Når tilhøva var slik, er det ikkje vanskeleg å førestelle seg at bygdefolket levde med matklokkeklangen i øyra og at klokka var sentral i den tids førestellingsverd i mange bygder.

Ein informant frå Østre Toten fortel: "Det var meget bestemte regler for hvordan klokka skulle brukes. Den var regnet for en offentlig institusjon fordi den kunne høres over hele bygda. Den skulle bare benyttes som matklokke i sommertiden, ifra kl. 6 den 14. april til om kvelds den 14. oktober." Desse reglane var ikkje skriftfeste. Vi har heller ikkje fleire opplysningar om at brukstida var datofest, men materialet tyder på at den ordinære brukssituasjonen var klår og fast. Matklokka regulerte arbeidsdagen ute i økt, mat og kvile. Derfor ringte ho ikkje på helgedagar og heller ikkje om vinteren.

Dette var hovudregel. Dersom klokka skulle brukast for andre formål, måtte det vere avtale om det. Frå Tynset vert fortalt: "I nabolaget i Åsen ble klokka brukt for å innkalle til samtale og kaffekalas. Det var da avtalt hvordan det skulle klemtes,-".

Dersom klokka vart brukt utanom regel og avtale, visste alle at det var noko sær som stod på. Oftast var det brann. "Jeg husker at det ble ringt med vår matklokke når det var husbrann i omgivelsene, og enda bedre husker jeg et par store skogbranner, den ene i Eidsvoll Allmenning. Jeg var personlig med og ringte i sistnevnte tilfelle, og det måtte ringes kraftig og lenge, og dette var tungt arbeid. Men vi måtte stoppe ringinga av og til. Dette fordi metallet ikke måtte bli for varmt. I så tilfelle ville klokka tape sin naturlige klang"(Eidsvoll). Ein annan informant fortel dramatisk om ein døvstum fjøsrøktar som midt på natta opp-

daga brann i fjøset og ringte med matklokka. Og "matklokkas klang og rökterens snartenkhet blev mange dyrs redning og manden fikk en håndskilling og diplom fra Brandkassen."

Med ein slik bruksituasjon måtte dei sikre seg at klokka ikkje vart brukt i utide. Det kunne dei oppnå ved stram funksjonsfordeling og ved strengt forbod mot at barn og andre uvedkomande kom borti klokktauet. "Vi barn fikk alle rede i meget ung alder ordre om ikke å røre klokktauet. Klokka er ingen lek for noen. En klonk i denne betyr en eller annen ting, enten sorg eller glede, så har dere livet kjært, så rør ikke klokktauet."

Derfor var det vanleg å ha så stutt klokktau at bare vakse folk nådde i det. Det vert fortalt om ein gard der dei hadde så langt tau at ei ku fekk det inn mellom klauvene. Då kom heile bygda farande.

Men ungdommen som før gardimellom nattestider var det vaniskeleg å verje seg mot. "I Sørgarden Rø i Soknedal vart klokka brukta ei svart haustnatt. Noen knektar batt ein stor gravær fast i klokkesnora og la til ein høytapp slik at han måtte tøya seg og dra i snora. Og klokka klang ut i svartnatta."

#### Opphav og oppløysing

Vi har her freista å skildre matklokka i den tida då ho var i ordinært bruk. Men mange vil nok spørje: Kor gamal er ho. Og det spørsmålet kan vi ikkje svare på. Vi veit ikkje kor gamal klokka er heller, men i vår kulturkrins har ho vorte brukta i religiøs samanheng like frå den såkalla "grå oldtid". Frå 500-talet har klokker og klokkeringing vore eit fast element i kristen gudsteneste og religionsutøving. I den katolske kyrkja var visse tider på dagen avsette til bøn, salmesong og skriftlesing (canoniske tider), og i sam-

band med dei var det klokkeringing. Dermed vart dagen og timen kunngjort også for dei som var i arbeid; det var venta at dei då skulle avbryte arbeidet med ei bøn.



Milletts kjende målarstykke Angélus (1859) viser åkerarbeidarar i bøn medan klokka ringer til tidebøn.

Etter trykk i Nasjonalgalleriet. Foto: Arthur Sand.

I Europa kunne det bli mange som høyрde kyrkjeklokka, for der var busetnaden i stor mun koncentrert i landsbyar. Eg reknar det såleis for rimeleg at kyrkjeklokka i lange tider tente som ei matklokke for store deler av Europa.

I vårt land var busetnaden meir spreidd. Etter reformasjonen vart det dessutan slutt med den regelbundne kyrkje-klokke-ringinga frå katolsk tid. Likevel meiner eg at det må vere ein samanheng mellom kyrkjeklokka og matklokka.

Eg kjenner ingen fakta som kan prove at det er slik; det er ei tru eller ein hypotese som bygger på ei tolking av den generelle situasjonen. Og elles kan eg vise til at klokka vart og vert brukt som signalinstrument i mange ulike situasjonar. I mi skuletid ringde ho inn og ut til tyme om lag som matklokka. I byen avløyste ho luren då borgarane skulle kallast saman til samse tak eller for å høyre nytt. Ho var dessutan brannklokke og stormklokke; ho kunngjorde skipsavgang, var fåresignal på brannbil, på lokomotiv og ved togovergang. Og ho vart hengd på ku og sau så det skulle vere lettare å finne dei att i skog og mark.


Ennå fungerer klokka som signal. Matklokka er heller ikkje borte, men ho ringer ikkje så regelbunde som før og funksjonen er ikkje så eintydig og klår som han var.

Det er sjølv sagt vanskeleg å tidfeste når dei slutta å ringe. I Spydeberg tok det slutt i åra 1900-1910; i Bø i Telemark vart det "for det meste slutt under første verdskrigen og framover i 20-30-åra". Svært mange nemner siste krigen som avgjerande år. Men enkelte stader vert ho brukt i særskilde høve, m.a. på Dælin i Stange: " - i alle år har vi brukt klokka i potettonna. Det er da mange potetplukkere som skal inn og ut. En hyggelig låt er det i all fall de dagene det står på. Vi vet ellers ingen i bygda som bruker matklokka nå." På Hanestad vert ho framleis brukt i slåtonna, "og ellers for å få ungene inn". Informanten frå Sør-Odal kunne nok ha lyst til å sanke inn unga med matklokka, "men tør ikke, for da vil jo naboen tro at det var varme løs". Ein reknar altså med at klokke-rikinga vil føre til ein reaksjon. Men reaksjonen ville ikkje vere i samsvar med situasjonen. Matklokka er altså vorten eit signalapparat som ingen skjønar, og det er eit prov på at ho har mist funksjonen sin.

Vi har spurt kvifor det vart slutt med å bruke matklokka. Svara er så mange. Sume seier at det vart slutt fordi ar-

beidsfolka fekk seg ur og kunne passe tida sjølv. Andre seier at traktoren bråkar slik at dei høyrer ikkje klokka. Det er greit at desse forhold har gjort sitt. Men eg trur at informanten frå Elverum har fortalt om forhold som var meir avgjerande. Han fortel at arbeidsfolk hadde kosten på garden fram til kring 1930, og han meiner at matklokka hadde ein funksjon så lenge arbeidsfolket gjekk inn til sams måltid. Informanten i Ås talar om "folkehusholdninga" og meiner det same. Men det vart slutt med folkehushaldet på dei store gardane, og den "hjelpen man nå har, - holder kosten selv og kjører kilometervis hjem til mat og kvile - enten pr. landbruksmaskin eller med egen bil". Dermed "har matklokkene overalt utspilt sin tradisjonelle rolle" (Tolga).

Men klokka "henger jo der og kan i nødsfall vække all mulig oppmerksamhet i fall noe står på" (s.st.). Og så pyntar ho opp.



Klokketårnet på den nye driftsbygningen på Kongsgarden,  
Bygdøy, oppsett 1977. Foto: Arthur Sand.

Det er også mange som let klokka stå endå ho har tagna.  
Ho får i allfall stå så lenge ho ikkje står i vegen og så  
lenge klokketårnet er i stil med husa elles på garden.  
Litt kostnad kan ein også ha på klokka. "Hos oss blev ta-  
ket på uthusbygningen lagt nytt ifjor 1970, og snekkeren  
ville ta klokka ned da det var så sent å legge taket under  
blev det sagt, men da blev opinionen så stor at snekkerne  
måtte ta seg tid til å la den stå i fred" (Vestby).

I 1960-åra vart det gjort ein freistnad på å gi matklokka  
ein ny funksjon. Etter NEGs materiale tok det til i Øyer  
i 1958; då tok dei til å ringe med matklokkene pinseafften.  
Nokre år etter tok bondekvinnelaga i Tynset til med det  
same, likeså i Østre Gausdal. Vi har også fått opplysnin-  
gar om andre individuelle tiltak i så måte. Det er så  
heilt tydeleg ein funksjonerstatning: eit kjent og kjært  
kulturelement har mist funksjonen sin, vi må gi det ein  
nye funksjon slik at det etter kan tale til oss.

Etter alt å døme fekk denne appellen god mottaking mange  
stader, i allfall i Øyer og Tynset. "Dei første åra ringte  
alle klokkene i Tynset, men så stilna det av. I 1970 var  
det berre Røsten og Odden som ringde inn helga. Dei ringde  
i 15 minutt frå kl. 9.00 til kl. 9.15." I Østre Gausdal  
var det visse vanskar med å kome i gang. "De 2-3 siste åra  
har etter oppfordring fra soknepresten, gardsklokkene vært  
med å ringe helgen inn Pinsekvelden, men det viste seg at  
for mange var i ustand og dessuten var det på for mange  
steder ingen som mestret å ringe på en skikkelig måte i  
en snarvending."

Dermed er situasjonen vorten svært alvorleg for matklokka.  
For når gardkjerringane ikkje lenger veit korleis dei skal  
få klokka til å tale, då har ikkje klokka eitkvart å  
fortelle. Ho er vorten eit stilelement og eit minne.